

Saksbehandlar: Sissel Lillebø Aarseth, Nærings- og kulturavdelinga  
Sak nr.: 19/480-34

## Kulturmidlar 2019 - Utviklingstiltak

### Fylkesdirektøren rår hovudutval næring og kultur til å gjere slikt vedtak:

1. Det vert løyvd 150 000 kr til Jakob Sande-senteret sitt arbeid med å etablere «Jakob Sande – senter for forteljekunst på Vestlandet».
  - a) Det er eit vilkår for løyvinga at tiltaket vert gjennomført som skissert i planane.
  - b) Det skal leverast årleg rapportering og revidert rekneskap for tiltaket.
2. Det vert ikkje løyvd midlar til Bulandet & Værlandet fleirbrukshall.

### Vedlegg:

#### Andre relevante dokument i saka:

Forprosjektrapporten Jakob Sande senter for forteljekunst på Vestlandet.  
Søknad frå Bassegnemnda i Bulandet Idrettslag

---

## SAKSFRAMSTILLING

---

### 1. Bakgrunn for saka

Det er sett av midlar til HNK sin disposisjon til utviklingsarbeid på kultur- og næringsfeltet på konto 4005 med 1,85 mill kroner. Det står no att 150 000 kroner til disposisjon.

Fylkesdirektøren legg her fram to søknader/prosjekt til vurdering for fylkeskommunalt tilskot.

#### 1. «Jakob Sande - senter for forteljekunst på Vestlandet»

Jakob Sande - selskapet blei etablert i 1991 og har som formål å styrke interessa for Jakob Sande sitt forfatterskap og anna kunstnarleg verksemd. Selskapet har gjennom stort frivillig arbeid, ulike prosjekt og arrangement som litteraturkveldar, artiklar, biografier, scenekunst og seminar gitt mange fleire djupare kjennskap til Sande si rike diktning. Selskapet har restaurert Klokkargarden som no er svært eigna for ulike arrangement og bustad for forfattarar som kjem på kortare eller lengre besøk. Fylkeskommunen har støtta drift og utvikling av selskapet med mindre summar.

I 2018 gjekk selskapet, etter søknad til fylkeskommunen og kommunar, i gang med å greie ut korleis bygge opp ei større verksemd, eit senter med utgangspunkt i arven etter Jakob Sande. Liv Hege Skagestad vart engasjert som prosjektleiar. Forprosjektrapporten kjem med tilråding om mål, innhald, organisering og finansiering av eit senter i rapporten «Jakob Sande - senter for forteljekunst på Vestlandet» med undertittel «Det lyser i stille grender» «Det levande ordet», jf orienteringssak 53/19, pkt 5 i HNK-møte 18. juni 2019.

Senteret skal forske i og formidle Jakob Sande si dikting, nynorsk språk og kultur, og det skal vere ein stad som får fram mangfald av forteljingar og nye røyster. Senteret skal i løpet av 3 år gjennomføre satsingane: *Fabel, Da Daniel drog, Frå Sunnfjord til Rio, Det levande ordet, Da Gud heldt fest i Fjaler, Voggesong og Ormeljod, Klokkargarden, Det lyser i stille grender.*

Heimen til senteret er Klokkargarden, men senteret vil stå bak aktivitetar i heile regionen i samspel med ulike organisasjonar og miljø (t.d. Sogn og Fjordane teater, Teaterfestivalen i Fjaler, vidaregåande opplæring, og med unge forfattarar). Senteret vil ha nasjonalt og internasjonalt samarbeid (t.d. med Goethe-instituttet). Målgruppa er barn og unge (i barnehage, skule, fritid), studentar, lærarar, forfattarar, særlege talent og folk frå alle miljø med ulike kulturelle og faglege bakgrunn.

Kommunestyret i Fjaler kommune vedtok 17.06.19 å løyve 400.000 kroner årleg dei neste tre åra til det nyoppretta Jakob Sande-senteret for forteljekunst.

Jakob Sande-selskapet har søkt kulturdepartementet om tilskot for 2020. Signala går på at det vert løyvd 1 million kr i tilskot frå statsbudsjettet i 2020. Det er også søkt Vestland fylkeskommune om tilskot frå 2020.

## 2. Bulandet og Værlandet fleirbrukshall

Arbeidet med å realisere basseng i Bulandet har pågått i mange år, og det har teke tid å få ferdigstilt prosjektet, også fordi prosjektet har endra seg over tid, og har vorte dyrare enn først tenkt. Bulandet og Værlandet Fleirbrukshall (forebels namn), er ein hall på 900 kvadratmeter fordelt på 3 plan. Så langt står huset halvferdig, men vørtett.

Byggearbeidet på hallen vart påbegynt i 2014, men stoppa opp hausten 2017 på grunn av finansielle vaskar. Askvoll kommune, Sogn og Fjordane fylkeskommune og Sparebanken Sogn og Fjordane, hyra inn Sæle AS for ein uavhengig gjennomgang av prosjektet. Denne rapporten frå 08.12.2018 viste at restkostnadane ved fullføring av bygget er på 8.8 millionar kroner.

Det er opp gjennom åra løyvt spelemidlar og fylkeskommunale midlar til prosjektet, så langt tilbake som rundt 2009/2010. I tillegg har Kulturdepartementet løyvt ekstramidlar, Askvoll kommune har løyvt midlar, og det er komme inn gåvemedlar, og utført dugnad.

Bulandet idrettslag har sett i gong kronerulling for å få inn nok midlar til å ferdigstille prosjektet. Dei søker fylkeskommunen om 1 mill kroner i støtte i samband med kronerulling.

## **3. Vurderingar og konsekvensar**

### 1. «Jakob Sande - senter for forteljekunst på Vestlandet»

Fylkesdirektøren har støtta opp om arbeidet med eit Jakob Sande senter i lang tid. Etter å ha sett i gang eit prioritert arbeid i 2018 for å etablere eit senter har ein lukkast med å skaffe nasjonal og kommunal finansiering.

Arbeidet og planane har ei god innretning og verkar å vere godt gjennomførbare. Tida er moden for å realisere eit senter knytt til Jakob Sande. Tiltaket er forankra i Regional plan for kultur. Deler av dei skisserte tiltaka i forprosjektrapporten er sett i gong, og det er gjennomført prøveprosjekt og førebuaende tiltak sommaren/hausten 2019. Det har så langt gått greitt å etablere dei naudsynte faglege kontaktane som trengst for å lukkast med satsinga. Fylkesdirektøren rår difor til at fylkeskommunen yter eit tilskot for 2019 til denne satsinga på kr 150 000.

### 2. Bulandet & Værlandet fleirbrukshall

Prosjektet har hatt ein lang og utfordrande veg fram til realisering. Fylkeskommunen har i tidlegare fase løyvt 0,6 mill kroner til realisering av basseng. Då arbeidet på anlegget var stogga

tok fylkeskommunen kontakt med Askvoll kommune for å få ein gjennomgang av status for prosjektet. Firma Sæle AS gjekk gjennom prosjektet og konkluderte med at restkostnadane for å fullføre bygget var på 8,8 mill kroner. Fylkesdirektøren har lagt ned eit omfattande arbeid saman med Askvoll kommune, Sparebanken Sogn og Fjordane og idrettslaget på Bulandet for å komme til botnar i problema, og skissere moglege løysingar. Fylkesdirektøren har også konsultert Kulturdepartementet i prosessen. Utfordringane er m.a. om prosjektet skal avviklast, eller ferdigstillast. Ved avvikling av prosjektet er mykje pengar tapt, og partane har vore villige til å strekke seg langt for å finne løysingar. Løysingane går m.a. på å prioritere kva tiltak som må gjennomførast, og kva som kan vente, skissere kva fleksibilitet som ligg i bruken av spelemidlar, bruk av banklån/garantiar, m.m.

Bulandet idrettslag har på bakgrunn av dette sett i gong ei kronerulling for å få inn naudsynte midlar til å ferdigstille prosjektet i prioritert rekkefølge. I september 2019 er det komme inn 3,5 mill kroner i denne kronerulling. I tillegg har Askvoll kommune løyvt 1,5 mill kroner. Det betyr at idrettslaget no har fått inn 5 av dei 8,4 mill kroner dei treng.

Fylkesdirektøren viser til at fylkeskommunen ikkje har eigne midlar til idrettsanlegg, og midlar avsette til hovudutvalet sin disposisjon er også allereie nytta. Våre verkemiddel i denne typen saker er fagleg rådgjeving og spelemidlar. Desse verkemidlane er nytta i stor mon i dette tilfelle.

Fylkesdirektøren rår til avslag på søknad om støtte til Bulandet & Værlandet fleirbrukshall.

#### **4. Konklusjon**

Fylkesdirektøren viser til drøftingane i saka, og rår hovudutvalet til vedtak i samsvar med tilråding.